

Rep.sak 14-20 Økonomiplan 2021-24.

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet vedtek i tråd med Strategiplan 2021-2024 slik økonomiplan for perioden:

Handsaminga i styret
Samrøystes vedteke

1.

2021:

Bygg og faste installasjonar

Kr 20,0 mill. til full finansiering av omlastehallar for mat-, rest-, glas og metall- og papiravfall med luktreising og personalbase, inklusiv mottakspunkt for hytterrenovasjon på Melsgjerdet med kjeldesortering.

Teknisk utstyr

Kr 4,0 mill. i utstyr for fritidshusavfall, komposteringsutstyr hageavfall, mindre investeringar som inventar, avfallsbeholdarar, containerar, komprimatorar, ulikt lasteutstyr for hjullastar.

2022:

Teknisk utstyr

Kr 2,0 mill. i mindre investeringar som beholdarar, containerar, komprimatorar og liknande.

Kr 1,0 mill. Oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus med kjeldesortering.

Inntil kr 16,0 mill. innløyising av restareal Melsgjerdet.

2023:

Bygg og faste installasjonar

Kr 6,0 mill.kr i ombygging av gjenbruksstasjonen i Hovdebygda i høve gjeldande brannkrav, og for å få resten av omlasting og handsaming av avfall under tak.

Kr 3,0 mill. i innføring av id brikker og lesarar på beholdarar.

2024:

Teknisk utstyr

Kr 2,0 mill. i mindre investeringar som containerar og enkle bygningsmessige tiltak, oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus med kjeldesortering.

2.

Investering i eventuelt biogassanlegg i planperioden vert å vurdere når Løyve ligg føre med prosjektgruppa sin tilråding.

3.

Fossilfrie varebilar vert å ta i bruk før 2025. Fossilfrie lastebilar basert på biogass vert å ta i bruk ved etablering av evnt. biogassanlegg.

Saksutgreiing

Samandrag:

Økonomiplanen dei neste fire åra følgjer opp nasjonalt fastsette mål om avfallspolitikk og strategiplan for VØR, som har fem hovudmål:

- Materialgjenvinning på minst 60 %.
- Auke kvaliteten på alle avfallsfraksjonar som vert levert til gjenvinning .
- Redusere klimautsleppa som følgje av VØR sin aktivitet.
- Digitalisering
- Innrette gebyrregulativet sterkare mot forbruk og bruk av tenestene

Investeringane støttar opp om måla i nasjonal og lokal avfalls- og klima-politikk, i tillegg til å prioritere lovpålagte tiltak som å få all aktivitet under tak, og brannsikring av anlegga. I denne planen er klimareduserande tiltak prioritert sterkare enn tidligare, i tråd med regjeringa sine mål i klimakur 2030. Vidare fortsetter vi digitaliseringa for å betre tilgang på informasjon og sanntidsopplysningar til innbyggjarane. Økonomiplanen bygger på den føresetnaden at låneramma til selskapet vert auka til 130 mill kr. Gebyret vil auke i 2021 med kr 100,- inkl. prisstigning, nye tiltak og inndekning av tidligare års underskot på kr 60,- pr. abonnement.

Saksgang på økonomiplan.

Representantskapet skal etter Lov om Interkommunale selskap § 27 og vedtekter for selskapet § 7 vedta økonomiplan for selskapet for dei komande fire år.

Planen bygger på VØR sin strategiplan og årlege handlingsplan og kjem med tilråding frå styret til representantskapet.

Vedteken økonomiplan er grunnlaget for neste års drifts og investeringsbudsjett.

Satsinga i denne økonomiplanen:

Dei fem hovudmåla i strategi og verksemdplan for perioden 2021 – 2024 er:

- Nå 60 % materialgjenvinning ut frå material- gjenvinnar innan 2025.
- Auke kvalitet på det som vert samla inn og levert vidare til gjenvinning.
- Planlegge for og redusere klimautslepp frå VØR sin aktivitet
- Digitalisere for å auke kvaliteten på tenestene og gi sanntid opplysningar til kundane 2 i form av 24/7 tenester for brukarane.
- Innrette gebyrregulativet enda meir med vekt på forbruk og bruk av tenester.

Gebyrmessig effekt frå investering og drift det enkelte år.

2021

Investering

Første året i økonomiplanen, legg opp til full finansiering av nytt anlegg for innsamling, mellomlagring, omlasting av avfall og kompostering av hageavfall, base for utlevering og lagring av nye og brukte behaldarar på Melsgjerdet.

Nytt anlegg vil generere behov for noko nytt utstyr, inventar, komprimatorar og ulikt løfteutstyr til hjullastar.

Kostnadspådrag i form av rente og avskrivning utover alt opptatte lån er kr 15,- pr. abonnement. Vi ventar rente på nye låneopptak i 2021, på 1,5 %.

Drift

I drift foreslår vi innført hentetilbod to gangar på år på rute av farleg avfall i raud boks. Dette tiltaket er kostnadsrekna til 0,50 årsverk pluss kostnader til leige av bil i innsamlinga. I sum kr 40,- pr. abonnement.

Kvalitetsatsinga krev kunnskap om no situasjonen. Vi har derfor bedt og fått tilbod frå Årim om hjelp med plukkanalyser av avfallet. I sum kr 10,- pr. abonnement. Plukkanalyser må utførast årleg framover.

Vidare er det no vedteke felles norsk merke- og farge-system for alle avfallsfraksjonar og dermed behaldarar. Vi legg opp til å merke våre behaldarar ute hos abonnentane og ei merking av disse med klistremerker er kalkulert til Kr 20,- pr. abonnement. Dette gjeld behaldar for mat, restavfall og glas og metall.

Samla vil dei nye driftstiltaka isolert sett koste kr 85,- pr. abonnement, og er med unntak av kr. 15,- finansiert med reduksjonar i andre deler av drifta i høve 2019.

SSB sin konsumprisindeks for tenestesektoren, der arbeidskraft dominerer, syner prisauke på 3,0 % frå 2020 til 2021. Vi foreslår ein vekst på kr 100,- som tilsvarar 3,5 %, inklusiv dei nye tiltaka.

2022.

Investering

Andre året i økonomiplanen vert nytta til å starte med å oppgradere anlegget i Hovdebygda, etter at mykje av avfallet har flytta til Melsgjerdet. Noko utstyr må på plass slik som komprimatorar for restavfall. Vidare legg vi opp til å planlegge utbygging av Miljøstasjonen i Hovdebygda i 2023. I første omgang påstøyp på lagerhall med oppsetting av skiljevoggar / brannceller. Disse summene må kvalitetssikrast.

Vi har lagt inn Kr 16 mill. i grunnkjøp i tråd med rep. skapet sitt tidligare vedtak i repsak 08-17.

I 2022 vil kostnadspådraget vere kr 310,- i avskrivning og drift frå investeringa i 2021 og utbygging av kjeldesortert mottakspunkt hytter og teknisk utstyr miljøstasjonen i Hovdebygda i 2022. VØR må sette i verk tiltak i 2021, for å ta deler av denne kostnadsauken i form av omstillingar.

2023.

Investering

I rekneskapen minkar avskrivningane på raud boks og avfallsbeholdarar med kr 100,- pr. abonnement gjort i 2018.

Dette gir plass til RFID brikkar på behaldarane (elektroniske brikkar som identifiserar kva eigedom ein behaldar høyrer til og som kan telje talet behaldar vert tømt) som gjer det mogleg å innføre betalingsløysingar på grunnlag av kva ein leverar av avfall, frå 2024 om ein vil. I tide før kravet til Miljødirektoratet slår inn i 2025. Tiltaket med brikkemontering og lesarar på bilane er kostnadsrekna til kr. 100,- pr. abonnement. I sum gir altså ikkje investeringa auka gebyr.

Dette året planlegg vi å utvide miljøstasjonen i Hovdebygda mot aust, med fleire sorteringsalternativ under tak. Fraksjonar som i dag ligg i køyrefeltet i publikumsområdet vert å flytte, slik at tre køyrefelt kan nyttast igjen. Det må lagast betre mottaksordning for FA vindu og impregnerte materialer som må skiljast i to. Kreosot og krom-koppar (CA og CCA) impregnering. Uorganisk bør skiljast i stein og jord og keramikk / porselen.

Vi planlegg og å oppgradere fleire mottakspunkt for fritidshusavfall. Avskrivningane for dette vil i all hovudsak kome i 2024 gebyra.

Drift

Ingen særskilde tiltak er planlagt i drift dette året.

2024

Investering

Avskrivningane på grunn av investeringane i 2023 i Miljøstasjonen i Hovdebygda vil auke med kr 100,- pr. år.

Drift

I 2024 vil det vere aktuelt med innsamlingsordning for hageavfall. Dette er ikkje saksutgreidd enno, så vi veit lite om kostnaden med det. Men den vil neppe vere særleg ulik innsamlingsordning for raud boks, som er stipulert til kr 40,- pr. abonnement. To tilsette på innsamling, to innsamlingsruter pr. år og ca. 40 arbeidsdagar pr. runde.

Kva vurderingar ligg til grunn for nysatsingane i økonomiplanen.

Satsingane bygger først og fremst på nasjonal satsing og strategiplan for VØR.

VØR nådde vel 61 % materialgjenvinning i 2019, medan nasjonalt mål var 50 %. Nasjonalt er kravet at bransjen skal nå 55 % materialgjenvinning i 2025. 60 % i 2030 og 65 % i 2035.

Nasjonalt aukar altså kravet, men tar ikkje høgde for at målemetoden vert endra frå 2025. Då skal målet registrerast ut frå gjenvinnar som faktisk levert gjenvinning, og ikkje inn til gjenvinnar som i dag.

Ny målemetode vil redusere vår gjenvinningsgrad ein del. Kanskje ned under 55 %. (som er kravet i 2025.)

Det tar tid å auke materialgjenvinninga, så ein må vere i gang med tiltak før fristane i årstal er der. Å auke gjenvinninga frå rundt 55 % og opp til 60 % vert krevjande, men slik vi ser det, er det mogleg via fleire mindre tiltak pluss henteordning for hageavfall.

Vi tar atterhald om at kvaliteten på det vi leverar til gjenvinning, er rett. For å få meir kunnskap har vi derfor lagt inn plukkanalysar og kvalitetskontroll som eit viktig årleg tiltak i heile perioden.

Materialgjenvinningsmålet er administrativt sett 5 % høgre enn nasjonale mål, og er eit forsøk på å kome representantskapet i møte som har hatt høgre ambisjonar enn dei nasjonale krava sidan 2016.

Klima

Punktet om klima kjem frå klimaforliket som eit samla storting står bak. Konkret er målet 20 % reduksjon av utslepp av klimagassar samanlikna med referanseåret 2010.

Her satsa representantskapet på nedgravne løysingar som tiltak. Og kommunestyra i forskriftene har satsa på fjerde kvar veker hentefrekvens av papir og restavfallet. Fire gangar pr. år for glas og metall emballasje.

Kommunestyra sine tiltak gir størst effekt. Henting frå nedgravne anlegg manglar vi dokumentasjon på effekten av.

Men det er fleire vegar som kan gi mindre klimaavtrykk.

- Slutthandsaming av avfallet lokalt med etablering av biogassanlegg gir stor effekt.
- Komprimering av avfall før varene vert sende ut.
- Å nytte lastbærarar med høg netto laste evne.
- Endre energiform på bilane, frå fossil energi til fornybar energi. Eg foreslår derfor å bytte ut varebilane med elektriske motorar innan 2025. Storbilane må vente til teknologien er meir moden, alternativ at bilane vert bytta ut med biogass drivne motorar.

Økonomiplan 2020-23 mot økonomiplan 2021 -2024.

Disse to planane er svært like, og har satsinga sin på utbygging av omlastings -anlegget på Melsgjerdet som det største investeringstiltaket.

Framdrift på utbygginga er slik i dag:

Utbygging har vore på anbod, slik at no veit vi kva kostnaden med investeringa er. Byggestart hausten 2020, føresett at kommunestyra godkjenner gebyrforskrifta for 2021.

Nytt i denne økonomiplanen, er innspel frå rapporten til Norwaste, som har gitt oss nye fakta og nye tips om korleis nå nasjonale materialgjenvinningsmål. Det meste av dette relaterar seg til driftstiltak og ikkje investering.

Utdrag av Norwaste rapporten er innarbeida som eige dokument som følgjer sak om strategiplan og ligg på styreportalen på nettsida..

Slik vi ser det idag, vil det frå 2025 og framover ikkje vere behov for dei store bygningsmessige investeringane.

Status låneramme

Investeringane i denne økonomiplanen er lagt opp slik at vi held oss innafor låneramma på 100 mill. kr. i 2021, og at låneramma deretter vert auka til 130 mill.kr.

Ved utgangen av 2021, vil 98,4 mill. kr av låneramma vere nytta. I 2022 blir den auka til 110,7 mill. Ved utgangen av 2023 aukar utnyttinga av låneramma til kr 112,1 mill. kr. I 2024 går den ned til 107 mill. kr. Vi må opplyse om at investeringstala for bygginga i 2023 i Hovdebygda, er særst usikre.

Biogass

Evt. Biogassanlegg er ikkje med i økonomiplanen. Anlegget krev eige Løyve og eit samarbeid mellom fleire for å kunne realiserast . Det er håp om begge deler, men det ligg fortsatt fram i tid. Handsamingstida frå det vert søkt og fram til Løyve ligg føre, kan ta opp til to år inklusiv klageprosess. Deretter skal investeringsgrunnlaget gjennomgåast og evt. investeringsavgjerd takast, og det skal byggast.

Spørsmålet om organisasjonsform for biogass anlegget må og takast stilling til. IKS eller AS. Ved evt. AS og private samarbeidspartar vil det ikkje vere mogleg for VØR å finansiere via kommunale garantiar, slik som er regelen ved gebyrfinansierte investeringar. Dette vil vi kome attende til, når meir er avklara.

Sjølvkostfondet

I økonomiplanperioden er det lagt opp til at fond hushaldning skal vere tilnærma i balanse. Vi har eit opparbeida underskot frå år 2019 på 0,590 mill. kr som må innbetalast i 2021, 22 og 23. Dvs. ca. kr 60,- høgge gebyr. Dette er planlagt tatt inn i 2021.

Andre faktorar

Gebyrinntektene skal balansere med kostnadene. Det inneber at alle investeringar i planperioden vert å finansiere med låneopptak, og avskrivast i objektet sin levetid.

Vi har lagt til grunn 3,0 % løns og prisstigning for kvart år i perioden. Vi er innstilte på å drive med omstillingstiltak, og disse vert å ta med i det enkelte års budsjett.

Oversyn gebyrutvikling i perioden inkl. omstillingstiltak.

År	Standardgebyr	Nye tiltak lagt inn.
2021:	kr 2895,-	Innsamling raud boks, merking av beholdarar, investeringar i 2020
2022	kr 3150,-	Avskrivning investeringar 2021 inkl. rente.
2023:	kr 3245,-	Id brikker på alle behaldarar
2024	kr 3420,-	Oppgraderinga av anlegget i Hovebygda utført 2023.

Samanlikning i gebyr mot landet og naboselskapa.

Heimesidene til kommunane rundt oss, syner slike standardgebyr i 2020, eks .mva.

Stadt og Stryn	kr 3199,00
Stranda	kr 3976,00
Sula	kr 2998,00
Hareid/Ulstein	kr 3432,00
Volda/ Ørsta	kr 2795,20

Slik vi ser det, vil vi fortsatt ha billigare gebyr enn kommunane rundt oss i åra som kjem.

Meir detaljar om investeringstiltaka.

2021.

Vi har hatt ute anbod på utbygging på Melsgjerdet. Det anbodet som gir best økonomisk nytte for VØR, er på 80 mill kr. eks mva. Dette inkluderar opsjon på Sedum tak. I tillegg må det kjøpast inn utstyr og inventar for fire mill kr og ein må kalkulere med prisstigning.

Tiltaket vil flyte innsamlingsdelen av VØR til eige anlegg, og frigjere plass slik at Miljøstasjon / gjenbruksstasjonen i Hovdebygda kan oppgraderast og ekspandere i tråd med dagens krav.

2022.

Flyttinga til Melsgjerdet frigjer plass i Hovdebygda slik at avfall som no vert laga ute, kan flyttast under tak. Vi har ein ambisjon om at den 1/3 av trevirke som kjem inn og som er definert som kvitt trevirke, kan gå til sponplateproduksjon. Den andre 2/3 delen definert som ureina trevirke går til energigjenvinning som før, men no kjem den under tak.

Lageret av impregnert og kreosotimpregnert trevirke vert og flytta under tak i same hall mot vest. Likeså hardplast som kan gå til materialgjenvinning. Oppgraderinga er påstøyp eller handsaming av golvet som no er slite etter 16 vintrar med piggdekk og kjettingar, pluss etablering av i alle fall to skiljeveggar. Relativt moderate investeringar. I tillegg planlegg vi å skifte ut dei to oljeavskiljarane på anlegget som er for små og som manglar prøvetakingskum.

2023.

Dagens lagerplassar for glas og metallemballasje må overbyggast og nytta til gips den eine og isolasjon den andre.

Inne i Miljøstasjonen vil vi bygge om i alle fall mottaket av papp med eigen komprimator. Det er vidare ynskjeleg å nytte krokkasse til metall, og ha eiga kasse for restavfall og trevirke. Alt for å redusere intern og eksternttransport. Det må lagast gangbru på sida, for å få til optimal fylling av kassene.

Vidare utbygging må det lagast ein plan for. I planen må spørsmålet om brannsikring avklarast, oppsamling av evt. branninfisert slokkevatn og kva som skal vere med i ei utvidinga av hallen.

Totalt har vi sett opp 6,0 mill kr.

Miljødirektoratet foreslår betalingsordningar for levering av avfall, i tråd med det ein kastar. Også kalla «Pay as you throw» -Payt.

Å innføre dette på småbeholdarar, krev elektroniske brikker på alle beholdarar og lesarar på bilane. Vi har sett dette opp med 3 mill. kr, og slik at det skal kunne vere operativt frå 2024.

2024.

I 2024 er det sett opp mindre summar til oppgradering av hytterrenovasjonspunkt.

Anna bakgrunnsinformasjon

Utstyr til kompostering av hageavfall

Det er i dag krevjande å få levert vidare hageavfall. Kværna som ukværna. Det ligg delvis på lager etter at det vart stopp på levering til Nomil i 2018. Vanylven og Vestnes tar no imot litt, men vi får inn langt meir enn det som går ut. Dette har vi fått løyve til å kompostere på Melsgjerdet, men det krev spesielt maskinelt utstyr til å gjere det.

Vi ventar om lag same kostnadsnivået når vi tar over i eigenregi og komposterar i tråd med løyve, som det fram til no har kosta oss ved å levere til Vanylven og Vestnes. Klimaeffekten er positiv ved at vi får monaleg redusert transport, og sist vi dreiv med det, opplevere vi god etterspurnad etter jorda.

Andre tiltak

Vi skifta hjullastar i Hovdebygda i 2017. Restverdien på den gamle frå 2008 vert vurdert slik at den kan gå som hjullastar på Melsgjerdet i heile planperioden. Dvs. til den er 16 år. Belastninga her er mindre enn i Hovdebygda. Men vi må kjøpe utstyr til den i form av skuffer med meir.

Innsamlingsbilane må skiftast med jamne mellomrom. Dette er tatt ut av investeringsbudsjettet og overført driftsbudsjettet i form av leasingkostnader. Fordelen er at vi då får utskifting i tråd med levetida.

Nedgravne anlegg


Alle nye konsentrerte bustadprosjekt av ein viss storleik, tilrår vi å satse på nedgravne anlegg dekt av kjøparane av anlegga.

VØR gir ikkje tilskot til etablering av slike anlegg frå 2021, etter krav frå revisjon og MD.

Ikkje med i planen:

Innføring av fri kvote grovavfall pr. år og kjøpe av restareal på Melsgjerdet, er ikkje med i planen.

Fri kvote er rekna å koste ca. 250,- pr. abonnement og går mot drift og gebyr.
Restareal på Melsgjerdet er på 16 daa, til ein pris på 16 mill. kr med alle omkostningar.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg:

Skjematisk oversyn over investeringane det enkelte år.

Skjematisk oversyn over investeringane det enkelte år.

2021

Investeringsobjekt bygg- fast installasjon	Sum
Full finansiering av omlastehallar for mat-,rest-, glas og metall og papiravfall med luktrensing og personalbase. Tal utifrå avslutta konkurranse..	Kr 20.000.000,-

Teknisk utstyr	Sum
Inventar, containerar.	Kr 800.000,-
Komprimator	Kr 200.000,-
Utstyr for hjullastar. Krok, skuff, snøskuff, feiekost	Kr 500.000,-
Rankekomposteringsmaskin	Kr 2.500.000,-

2022

Investeringsobjekt bygg- fast installasjon	Sum
Vedlikehaldsstøyp lagerhall inklusiv skiljeveggar / brannceller	Kr 1.500.000,-
Skifte av oljeavskiljarar.	Kr 500.000,-
Kjøp av restareal regulert for avfallsanlegg Melsgjerdet	Kr 16.000.000,-

Teknisk utstyr	Sum
Komprimator, skilt, og containerar	Kr 500.000,-
Tilgangskontroll og oppgradering av mottak for hytterrenovasjon	Kr 500.000,-

2023

Investeringsobjekt bygg- fast installasjon	Sum
Utviding av miljøstasjon mot aust	Kr 6.000.000,-

Teknisk utstyr	Sum
Id brikker på behaldarane	Kr 3.000.000,-

2024

Teknisk utstyr	Sum
Tilgangskontroll og oppgradering av mottak for hytterrenovasjon	Kr 1.500.000,-
Oppussing av garderobar Hovdebygda (frå 1988)	Kr 500.000,-